



Arkivnr: 2014/12111-1

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.02.2015
Fylkestinget		10.03.2015

Nye Åsane vgs - kjøp av tilleggsareal på ca. 2 mål frå Bergen kommune

Samandrag

Fylkesrådmannen foreslår i saka kjøp av tilleggsareal på ca. 2 mål frå Bergen kommune for å få stor nok skuletomt ved bygging av ny vidaregåande skule i Åsane.

Det er framforhandla avtale med Bergen kommune om kjøp av arealet for kr. 3.900 pr. kvm. basert på innhenta takstar, med betaling av kjøpesummen når parsellen er frådelt og oppmålt. Eit areal på nøyaktig 2 mål vil gje ein kjøpesum på kr. 7.800.000. I tillegg kjem tinglysingsgebyr og dokumentavgift. Kostnadene vert dekt av investeringsmidlar for vidaregåande skular i Åsane.

Fylkesrådmannen rår til at den vedlagte kjøpekontrakten vert godkjent.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner vedlagte kjøpekontrakt for kjøp av parsell på ca. 2 mål av gnr. 188 bnr. 24 i Bergen kommune for kr. 3.900 pr. kvm.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Nils Vetlesand
konst. fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Kjøpekontrakt
- 2 Oversiktskart

Fylkesrådmannen, 26.01.2015

U. Phil vgs. og Åsane vgs. vert slått saman og samlokalisert til ein ny stor vidaregåande skule i Åsane. Den nye skulen vil verte bygd i tilknytning til U. Phil vgs.

Skuleeigedomen U. Phil vgs., gnr. 189 bnr. 215, er eigd av fylkeskommunen. I tillegg er fylkeskommunen eigar av naboeigedomen, gnr. 189 bnr. 346, som er på 17,2 mål. Den nye skulen vil bli liggjande på gnr. 189 bnr. 215 og inn på gnr. 189 bnr. 346.

Desse areala inngår i reguleringsplanen «Områderegulering for Åsane sentrum, deler av gnr. 188 og 189. Plannr. 19250000.» Sjå vedlegg 6 til vedlagte kjøpekontrakt.

I reguleringsplanen er gnr. 189 bnr. 346 delt i to. Den største tomta er regulert til undervisning/skuleformål.

Delinga av bnr. 346 fører til at det er behov for å kjøpe eit tilleggsareal på ca. 2 mål av gnr. 188 bnr. 24, som tilhører Bergen kommune, for å få stor nok skuletomt. Dette er det òg orientert om i sak nr. 2/13, «Ny skule i Åsane. Utbyggingsavtale i samband med reguleringsplan.», som vart handsama av fylkesutvalet den 31.01.2013.

Fylkeskommunen og Bergen kommune har forhandla fram ein avtale om kjøp av tilleggsarealet for kr. 3.900 pr. kvm. Det er i avtalen teke etterhald om politisk godkjenning.

I samband med forhandlingane innhenta partane kvar sine takstar. I taksten innhenta av Bergen kommune er normal marknadsverdi sett til kr. 4.000 pr. kvm. , medan den i taksten fylkeskommunen innhenta er sett til kr. 3.800 pr. kvm. Partane vart deretter einige om ein verdi midt mellom desse to beløpa.

Parsellen må frådelast og nøyaktig areal vil verte klårlagt ved gjennomføring av oppmålingsforretning. Kjøpesummen skal betalast til kommunen først når arealet er fastsett. Dersom tomta er på akkurat 2 mål vil kjøpesummen verte kr. 7.800.000. I tillegg skal kjøpar dekke tinglysingsgebyr og dokumentavgift ved overføring av arealet, som vil utgjere ca. kr. 200.000. Kostnadene vert dekt av investeringsmidlar for vidaregåande skular i Åsane.

Fylkesrådmannen rår til at den vedlagte kjøpekontrakten om kjøp av parsell på ca. 2 mål av gnr. 188 bnr. 24 i Bergen kommune vert godkjent.

Gjenverande del av gnr. 189 bnr. 346

Sjølv om den ovannemnde delinga av gnr. 189 bnr. 346 fører til at fylkeskommunen har behov for å kjøpe eit tilleggsareal på ca. 2 mål for å få stor nok skuletomt, vil den gjenverande delen av gnr. 189 bnr. 346 ha større verdi enn det arealet vi kjøper. Dette arealet har nesten same storleik og er på ca. 1,95 mål, og det er regulert til bustad og forretning. Sjå vedlagte oversiktskart. Tomta vil kunne seljast for kr. 6.000 pr. kvm ut frå takst som vi har henta inn.